



Fedje kommune

Teknisk

molandgunnar@gmail.com

Referansar:

Dykkar:

Vår: 21/239 - 21/3847

Sakshandsamar:

Øyvind Tolleshaug

oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:

01.07.2021

Rammeløyve til å leggja ut ei flytebrygge på gnr. 170, bnr. 56 på Moldøy

Administrativt vedtak. Saknr: 017/21

Saksutgreiing:

Byggjeplass : Gnr. 170, bnr. 56 på Moldøyna.

Type arbeid : Utlegging av ei flytebrygge

Tiltakshavar : Gunnar Moland

Søknaden gjeld utlegging av ei flytebrygge på 2,5 x 10 m pluss landfeste i eksisterande kai og bru frå kai.

På eigedomen står det eit naust og ein bustad.

Søknadsplikt / Ansvar :

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova (pbl). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søker om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaka det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

Kommuneplan :

Sjø er i det aktuelle området sett av til farled etter kommuneplan 2012-2024. Tiltak i sjø som er forankra i land skal som hovudregel vurderast opp mot planen sitt arealføremål på land. Arealføremålet på land er byggeområde. Opnar arealføremålet på land opp for tiltaket slik som i dette høvet, skal kommunen normalt gi løyve uavhengig av arealføremålet i sjø.

Nabovarsel

Nabovarsel er levert.

Plassering av tiltak :

Paragraf 29-4 lyder slik : *Byggverkets plassering , herunder høydeplassering, og byggverkets høyde skal godkjennes av kommunen.*

Ved vurdereinga etter § 29-4 i pbl, skal kommunen ved tiltak i sjø ta omsyn til ulemper for naboar og eventuelle hinder for ferdsel til sjøs.

I NOU 2005, side 338, står det : *I forarbeidene og senere rundskriv heter det at der ikke tungtveiende hensyn taler i mot skal den omsøkte plasseringen godkjennes.*

Eg kan ikkje sjå at flytebrygga Moland har søkt om er ulempe for naboar eller er til hinder for ferdsel i sjø.

Fjord1 som driv ferjesambandet Fedje-Sævrøy har fått søknaden for uttale. Dei har ikkje svart.

Havne og farvannslova.

I tilrådinga vert det gjeve rammeløyve. Kommunen sender søknaden til Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS for handsaming etter havne- og farvannslova. Dersom dei gjev løyve, vil kommunen gje igangsettingsløyve.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Gunnart Moland får rammeløyve til å leggja ut ei flytebrygge på 2,5 x 10 m pluss landfeste i eksisterande kai og bru frå kai.

Løyvet gjeld på gnr. 170, bnr. 56 på Moldøy.

Kommunen peikar på at dette er eit rammeløyve. Brygga kan ikkje leggjast ut før Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS har gjeve løyve og kommunen deretter har gjeve igangsettingsløyve.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Astrid og Gunnar Moland
molandgunnar@gmail.com

Marikollen 74 5136

MJØLKERÅEN